

ARBEIDET MED NYNORSK RETTSKRIVING

MØTE I NEMNDA, I SPRÅKRÅDET 16. MARS 2010 KL. 8.30–15.15

Til stades: Grete Riise, Unn Røyneland, Åse Wetås, Karin Magnetun, Svend Arne Vee, Ragnhild Bjørge, Tore Elias Hoel, Marit Hovdenak og Aud Søyland

Innkalling, referat og sakliste

Innkallinga og saklista vart godkjende. Referatet godkjent, med oppretting av ein skrivefeil.

Orienteringssaker

Det elektroniske arbeidsrommet

Fint å ha alt samla på ein stad. Litt problem med enkelte lenkjer.

Sakliste, sakspapir og referat skal liggja ein stad, dvs. i mapper under "Møte". Det kan òg liggja lenkje til sakspapir i mappa "Dokument".

Referat frå styremøtet i Språkrådet

Styret i Språkrådet hadde møte 25. februar. Marit orienterte der om arbeidet i nemnda så langt. Styret godkjende budsjettet vårt.

Styret hadde ingen innvendingar til prinsippa me fastsette, anna enn at berre eitt av dei var ikkje-språkleg. Det kom ikkje nokon andre innspel på kva som burde/kunne ha vore med.

Nettsida

Nettsida er på plass, men me har ikkje fått opp diskusjonsforumet. Det må koma fort. E-postadressa er på plass. Me vil ikkje marknadsføra sidene noko særleg før diskusjonsforumet er klart.

Me må laga ein plan for korleis me marknadsfører sidene. Alle organisasjonane i Nynorsk forum og universitet og høgskular bør få beskjed. Forumet bør vera på plass til landsmøtet i Noregs Mållag 16.–18. april.

Korte meldingar frå besøk

Grete Riise refererte frå møte med Erik Haugan (<http://nynorsk.org/bank>), *Språkverkstaden i Bergen* og *Stavanger Mållag*.

Grete Riise og Aud Søyland refererte frå møte med *Nynorsk pressekontor* og *Samlaget*.

Karin Magnetun refererte frå møte med *Ål* og *Torpo Mållag*.

Andre det er aktuelt å ta kontakt med (i tillegg til dei som er nemnde i tidlegare referat):

- Erik Bolstad om språkbruken på yr.no
- Universitetet i Bergen
- Professor Jan Terje Faarlund og professor Helge Sandøy, som leidde den førre nemnda

Punktgranskingane

Me har hyra Synnøve Myking til å plukka ut tekstar frå nettsidene til fylkesmennene i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, for å få offentleg sakprosa inn i Det nynorske tekstkorpuset. Synnøve er no ferdig med tekstane til Fylkesmannen i Hordaland.

Me undersøker vidare korleis me kan få tekst frå kommunane; dei har ikkje nettsider som går bakover i tid.

Me har forhøyrt oss med Utdanningsdirektoratet om å få tilgang til eksamensoppgåvene frå vidaregåande i år. Materialet ligg ikkje sentralt; me må kontakta dei lokale utdanningskontora.

Marit har undersøkt litt om stortingsmeldingar o.a. som er på nynorsk. Det er aktuelt å ta med stortingsmeldingar, proposisjonar, NOU-ar og EØS-regelverk frå dei siste åra, m.a. *Kredittmeldinga* (no *Finansmarknadsmeldinga*), som blir skriven på nynorsk kvart år.

3 Normeringsarbeid

Vokalveksling

Dokument og andre bakgrunnskilder:

- *Nynorskrettskrivinga*
- Sakspapir laga av sekretæren
- Brev frå Norsk Måldyrkingslag, Studentmållaget i Nidaros, Ivar Aasen-sambandet og Høgnorskringen
- Lars S. Vikør: Foredrag på opningsseminaret i Språkrådet 20.1.2010
- [Det nynorske tekstkorpuset](#) ved Norsk Ordbok

Veksling mellom y og ø

Nemnda har gjort eit førebels vedtak om fordelinga av y og ø i ein del ord. Endeleg vedtak blir gjort når me er ferdige med normeringsarbeidet.

Desse formene bør bli ståande i ny rettskriving:	Desse formene bør gå ut:
<i>byrde</i> f. og <i>bør</i> f. (skal først opp som separate oppslagsord)	<i>byrd</i> f.
<i>bøtte</i> f.	<i>bytte</i> f.
<i>bølgja</i> v.	<i>bylgja</i>
<i>bølgje</i> f.	<i>bylgje</i>
<i>drønna</i> v.	<i>drynja</i>
<i>dønna</i> v.	<i>dynja</i>
<i>fyrst</i> el. <i>først</i> adv.	
<i>fylgja</i> el. <i>følgja</i> v.	
<i>fylgje</i> el. <i>følgje</i> f., n.	
<i>gløtt</i> m.	<i>glytt</i>
<i>gløtta</i> v.	<i>glytta</i>
<i>grøppa</i> v.	<i>gryppa</i>
<i>grøssa</i> v.	<i>grysja</i>
<i>hjørne</i> n.	<i>hyrne</i>
<i>kløppar</i> m.	<i>klyppar</i>
<i>lyfta</i> el. <i>løfta</i> v.	
<i>lygn</i> el. <i>løgn</i> f.	

<i>løkke</i> f. (om jordstykke)	<i>lykkje</i> (i tydinga jordstykke)
<i>møllar</i> m.	<i>mylnar</i>
<i>mølle</i> f.	<i>mylne</i>
<i>nykel</i> el. <i>nøkkel</i> m.	
<i>nøkk</i> m.	<i>nykk</i>
<i>nyste</i> el. <i>nøste</i> n.	
<i>stønna</i> v.	<i>stynja</i>
<i>støtta</i> v.	<i>stytta</i>
<i>støtte</i> s.	<i>stytte</i>
<i>støl</i> og <i>stør</i> adj. (skal først opp som separate oppslagsord)	<i>styrd</i>
<i>sysken</i> el. <i>søsken</i> fl.	
<i>syster</i> el. <i>søster</i> f.	
<i>sylje</i> el. <i>sølje</i> f. (førebels ikkje gjort noko vedtak)	
<i>sylv</i> el. <i>sølv</i> n. (førebels ikkje gjort noko vedtak)	
<i>sørgja</i> v.	<i>syrgja</i>
<i>tønne</i> f.	<i>tynne</i> og <i>tunne</i>
<i>tyrst</i> el. <i>tørst</i> adj.	
<i>tøtte</i> f.	<i>tytte</i>
<i>vyrd</i> el. <i>vørd</i> adj.	
<i>vyrda</i> el. <i>vørda</i> v.	
<i>øksen</i> adj.	<i>yksen</i>
<i>ynske</i> el. <i>ønske</i> n.	
<i>ynskja</i> el. <i>ønskja</i> v.	

Regel:

Der det har vore mogleg å skriva anten y eller ø, kan ein alltid velja ø. Y og ø blir ståande i ein del ord der me ser ut frå det nynorske tekstkorpuset at begge formene har stor utbreiing.

Vokalveksling i ein del enkeltord

Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Desse formene går ut:
ei - e	
<i>greve</i> m.	<i>greive</i>
<i>grevinne</i> f.	<i>greivinne</i>
<i>peik</i> n. (ymt, vink)	<i>pek</i>
<i>peika</i> v.	<i>peka</i>
a - e	
<i>aftan/eftan</i> m. (førebels ikkje gjort vedtak)	
<i>framand</i> adj.	<i>fremmend</i>
<i>henga</i> v.	<i>hanga</i>
<i>harsk</i> adj.	<i>hersk</i>
<i>kvalp</i> el. <i>kvelp</i> m.	<i>valp</i>
<i>lating</i> m. (lat person)	<i>leting</i>
<i>laken</i> n.	<i>lakan</i>
a - o	
<i>haldning</i> f.	<i>holdning</i>
<i>hank</i> m.	<i>honk</i>
<i>harr</i> m. (fisk)	<i>horr</i>

<i>maske</i> f. el. m. (garnlykkje)	<i>moske</i>
a - æ	
<i>arr</i> n.	<i>ær</i>
<i>stær</i> m. (augesjukdom)	<i>star</i>
e - i	
<i>fete</i> m. (feitleik)	<i>fite</i>
<i>segla</i> el. <i>sigla</i> v.	
<i>siv</i> n.	<i>sev</i>
<i>samkvem</i> n.	<i>samkvæme</i>

Aud Søyland refererte.